



Velkommen til skulen!



- Du er viktig for læringa til barnet ditt!
- Les meir om korleis foreldra kan bidra

SKAP

dialog

Last!



Du kan bidra til læringa til barnet ditt!

Vissste du...

- at det er svært viktig for trivselen, motivasjonen og læringa til barnet at du har ei positiv holdning til skulen? Trivsel er eit vilkår for god læring.
- at forventingane til barnet, støtte, rettleiing og tilbakemeldingar om skulearbeidet har meir å seie enn dei fleste er klar over?
- at det er viktig for barnet å få vise kva det har lært, og kva det arbeider med?
- at det er viktigare å stille spørsmål enn å ha svar på alt når du hjelper barnet ditt med leksene?

Slik kan du hjelpe barnet ditt!



Du kan gi barnet ditt lesegledede ved å

- lese eller lytte til bøker saman med barnet
- fortelje historier, vitsar og gåter
- leike med språk og bokstavar

Du kan gi barnet ditt rekneglede ved å

- jakte på matematikk i kvar dagen saman med barnet
- spele spel og leike med tal og figurar
- be barnet fortelje kva det har lært, og kva omgropa tyder

Vil du vite meir om korleis du kan bidra til læringa til barnet ditt?

På www.foreldrenettet.no kan du lese meir og bestille eller laste ned desse hefta:

- «Gi rom for lesing» – eit enkelt lesetreningsopplegg som motiverer til å lese (berre til nedlasting)
- «Lesekvarten» – nyttige tips for å stimulere lesegleda og gjøre barnet flinkare til å lese
- «Foreldre tel» – slik hjelper du barnet ditt med matematikken



Ta med!

Bruk møta mellom heimen og skulen!

Viste du at...

konferansetimen/utviklingssamtalen er eit viktig møte? Det er ein samtale mellom deg og kontaktlæraren om barnet ditt. Det er lovfest at det skal vere to slike samtalar kvart skuleår.

På foreldremøta møter du dei andre foreldra og lærarane. Eit godt foreldremøte er prega av aktivitet og dialog.

Stil spørsmål!

Du kan spørje om mykje på foreldremøtet:

- Kva ventar skulen av oss foreldre?
- Kva kan eg vente av skulen?
- Kva kan eg gjere for å følgje opp skulegangen heime?
- Korleis kan eg bidra til eit godt sosialt fellesskap og eit godt læringsmiljø?



Eit godt foreldrefellesskap er det beste for barna. Engasjer deg i aktivitetar der du kan bli betre kjend med dei andre foreldra.

Bli foreldrekontakt!

Foreldra vel kvart år foreldrekontakte blant foreldre med barn i samme klassen, trinnet eller gruppa. Foreldrekontakte er bindeleddet mellom foreldra og skulen. Foreldrekontakte skal samarbeide med kontaktlæraren om mellom anna å planleggje og gjennomføre foreldremøta. Grip sjansen – bli foreldrekontakt!

**Du kan lese meir om korleis du kan engasjere deg på
www.foreldrenettet.no. Der kan du også bestille:**

- «**Foreldremøte**» – eit hefte som gir deg tips og idear. Her kan du lære meir om kva eit foreldremøte er, lese korleis du kan bidra, og få forslag til tema du kan ta opp.
- «**ABC for foredrekontakte**» – tips til nyvalde foredrekontakte
- «**Tid for samtale**» – korleis førebu og gjennomføre samtalen mellom foreldra og kontaktlæraren

Foreldre tel!

Foreldre kan gi leseglæde!

Viktig kontaktninformasjon!



Navn

Telefon

Epost

Lærar

Foreldrekontakt

Foreldrekontakt

www.foreldrenettet.no

Foreldreutvalget for grunnskolen (FUG) er eit rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet. FUG skal verne om interessen til foreldra i skulen og arbeide for eit godt samarbeid mellom heimen og skulen.

Foreldreutvalget for grunnskolen
P.b. 8119 Dep, 0032 Oslo
bestilling@fug.no, post@fug.no